



DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 19

(2007–2008)

## Om endringar i statsbudsjettet for 2007 under Utanriksdepartementet

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 16. november 2007,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Samandrag

I denne proposisjonen blir det foreslått nokre endringar i løyvingane under Utanriksdepartementet sitt budsjett for 2007.

Innanfor programområde 02 Utanriksforvaltning blir det gjort framlegg om endringar under kap. 100 Utanriksdepartementet, kap. 104 Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet, kap. 116 Deltaking i internasjonale organisasjonar og kap. 118 Nordområdetiltak m.m.

På budsjettet for ODA-godkjend utviklingshjelp under programområde 03, blir det gjort framlegg om omfordeling av 52,116 mill. kroner.

#### **Programområde 02 Utanriksforvaltning**

##### **Kap. 100 Utanriksdepartementet**

###### *Post 01 Driftsutgifter*

Det vart i 2006 etablert ei stilling som næringslivsmedarbeidar ved generalkonsulatet i Murmansk i samsvar med Regjeringa sitt ønske om å styrke det norsk-russiske næringssamarbeidet i nord. I samband med dette blir det foreslått å omdisponere 1,5 mill. kroner frå kap. 118, post 70 Nordområdetiltak og prosjektsamarbeid med Russland til kap. 100, post 01 Driftsutgifter.

###### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

I samband med brannane som herja i Hellas i august 2007, stilte Noreg med eit brannsløkningshelikopter. Dette oppdraget kosta 2 mill. kroner. Det blir gjort framlegg om å auke kap. 100, post 21 med 2 mill. kroner til dekning for utgifter i samband med brannsløkningsarbeidet i Hellas.

##### **Kap. 104 Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet**

###### *Post 01 Driftsutgifter*

Ein gjennomgang av utgiftene under posten viser eit venta mindreforbruk på 2,8 mill. kroner. Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 2,8 mill. kroner.

##### **Kap. 116 Deltaking i internasjonale organisasjonar**

###### *Post 71 Finansieringsordninga under EØS-avtala, kan overførast*

Det er venta at det vil bli utbetalt om lag 85 mill. kroner i 2007. Dette kan bli dekkja av overført mindreforbruk frå 2006. Det blir derfor gjort framlegg om å redusere løyvinga under posten med 180 mill. kroner.

*Post 72 Finansieringsordninga i det utvida EØS, kan overførast*

Det har teke lengre tid å få inn og handsame søknader om prosjektstøtte under dei to finansieringsordningane i det utvida EØS enn det Utanriksdepartementet har gått ut i frå. Bakgrunnen for dette er at det er store forseinkingar på innsending av betalingskrav frå prosjekt samanlikna med budsjett. Det har og vist seg at det fyrste betalingskravet frå vedtatte prosjekt er lågare enn budsjettert grunna treg prosjektstart. Utbetaling i 2007 vil derfor bli lågare enn det som var rekna med tidlegare. Etter kvart som prosjekt blir vedtatt, vil det venteleg bli lettare å fastsette framtidige utbetalningar.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 140 mill. kroner

*Post 73 Norsk finansieringsordning i det utvida EØS, kan overførast*

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 140 mill. kroner, jf. omtale under kap. 116, post 72.

**Kap. 118 Nordområdetiltak m.m.**

*Post 70 Nordområdetiltak og prosjektsamarbeid med Russland, kan overførast*

I samband med dekning av kostnader til stillinga som næringslivsmedarbeidar ved generalkonsulatet i Murmansk, blir det gjort framlegg om ein reduksjon på 1,5 mill. kroner, jf. omtale under kap. 100, post 01 Driftsutgifter.

*Post 76 Tilskot til internasjonale klima- og miljøtiltak, kan overførast*

Det er satt av 4,2 mill. kroner til Verdsbanken sitt karbonfond under denne posten i 2007. Det vil ikkje bli kalla inn til kapitalpåfylling til karbonfondet i 2007. Det vert derfor gjort framlegg om ein reduksjon på 4,2 mill. kroner.

**Programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp ODA-godkjend utviklingshjelp**

**Kap. 140 Utanriksdepartementet sin administrasjon av utviklingshjelpa**

*Post 01 Driftsutgifter*

Det blir gjort framlegg om ei auke på 6,744 mill. kroner i samband med det sentrale lønsoppgeret.

**Kap. 141 Direktoratet for utviklingshjelp (Norad)**

*Post 01 Driftsutgifter*

Det blir gjort framlegg om ei auke på 1,8 mill. kroner i samband med det sentrale lønsoppgeret.

**Kap. 150 Bistand til Afrika**

*Post 78 Regionløyving for Afrika, kan overførast*

Nokre tiltak har teke lengre tid å starte enn føreset. Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 17,293 mill. kroner.

**Kap. 165 Forsking, kompetanseheving og evaluering**

*Post 70 Forsking og høgare utdanning*

Kunnskapsdepartementet melder at prognosen for avskrivningar under kap. 2410, post 73 for Aust-Europa/utviklingsland, som vert refundert under denne posten, er høgare enn tidlegare budsjettert.

Det blir gjort framlegg om ei auke på 7,520 mill. kroner.

**Kap. 166 Tilskot til ymse tiltak**

*Post 70 Ymse tilskot, kan overførast*

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 2,365 mill. kroner.

**Kap. 166 Tilskot til ymse tiltak**

*Post 71 Internasjonale prosessar og konvensjonar m.m., kan overførast*

Nokre tiltak har teke lengre tid å starte enn føreset. Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 5,0 mill. kroner

**Kap. 167 Flyktingtiltak i Noreg, godkjend som utviklingshjelp (ODA)**

*Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Enkelte opphaldsutgifter det første året til flyktingar i Noreg er godkjend som offisiell utviklingshjelp og kan bli dekte under kap. 167 Flyktingtiltak i Noreg, post 21 Spesielle driftsutgifter. Dette gjeld mellom anna reiseutgifter for flyktnin-

Tabell 1.1

Formål	Endring (mill. kr)
<i>Arbeids- og inkluderingsdepartementet</i>	
Kap. 3651, post 01 Integreringstilskot for overføringsflyktningar .....	-3,6
kap. 3690, post 04 Statlege mottak .....	10,8
<i>Kunnskapsdepartementet</i>	
Kap 3225, post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter .....	-2,52
<i>Barne- og likestillingsdepartementet</i>	
Kap. 3854, post 04 Barne- og ungdomsvern.....	5,314
Sum	9,994

gar til og frå utlandet, utgifter til integreringstilskot for overføringsflyktningar, utgifter til opplæring av barn i mottak og andre opplæringsformål, sjå tabellen. Overslaget over utgifter til flyktningar i Noreg som er godkjend som offisiell utviklingshjelp må aukast med 9,994 mill. kroner.

Det blir gjort framlegg om ei auke på 9,994 mill. kroner.

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2007 under Utanriksdepartementet.

### Kap. 170 FN-organisasjonar m.m.

#### *Post 80 Bidrag til globale fond, kan overførast*

Det er eit mindrebehov i forhold til budsjettet. Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 1,4 mill. kroner.

\_\_\_\_\_  
Vi HARALD, Noregs Konge,

\_\_\_\_\_  
stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2007 under Utanriksdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

\_\_\_\_\_

## Forslag til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2007 under Utanriksdepartementet

## I

I statsbudsjettet for 2007 blir det gjort følgende endringer:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
100		Utanriksdepartementet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med..... frå kr 1 479 860 000 til kr 1 481 360 000	1 500 000
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med..... frå kr 26 387 000 til kr 28 387 000	2 000 000
104		Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 8 989 000 til kr 6 189 000	2 800 000
116		Deltaking i internasjonale organisasjonar	
	71	Finansieringsordninga under EØS-avtalen, <i>kan overførast</i> blir redusert med..... frå kr 180 000 000 til kr 0	180 000 000
	72	Finansieringsordninga i det utvida EØS, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 400 000 000 til kr 260 000 000	140 000 000
	73	Norsk finansieringsordning i det utvida EØS, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 410 000 000 til kr 270 000 000	140 000 000
118		Nordområdetiltak m.m.	
	70	Nordområdetiltak og prosjektsamarbeid med Russland, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 244 327 000 til kr 242 827 000	1 500 000
	76	Tilskot til internasjonale klima- og miljøtiltak, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 23 498 000 til kr 19 298 000	4 200 000
140		Utanriksdepartementet sin administrasjon av utviklingshjelpa	
	01	Driftsutgifter, blir auka med..... frå kr 818 177 000 til kr 824 921 000	6 744 000
141		Direktoratet for utviklingshjelp (Norad)	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 158 420 000 til kr 160 220 000	1 800 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
150		Bistand til Afrika	
	78	Regionløyving for Afrika, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 1 396 600 000 til kr 1 379 307 000	17 293 000
165		Forskning, kompetanseheving og evaluering	
	70	Forskning og høgare utdanning, <i>kan overførast</i> , blir auka med..... frå kr 333 000 000 til kr 340 520 000	7 520 000
166		Tilskot til ymse tiltak	
	70	Ymse tilskot, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 3 865 000 til kr 1 500 000	2 365 000
	71	Internasjonale prosessar og konvensjonar m.m., <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 181 000 000 til kr 176 000 000	5 000 000
167		Flyktingtiltak i Noreg, godkjend som utviklingshjelp	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med..... frå kr 446 526 000 til kr 456 520 000	9 994 000
170		FN-organisasjonar m.m.	
	80	Bidrag til globale fond, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 991 041 000 til kr 989 641 000	1 400 000

